



MØTEREFERAT

Tema: Styremøte i Åseral idrettslag	Referent: Tove Utengen	Dato: 25.06.15 kl. 18:00-20:00
Deltakarar: Åshild Moi Aasland (for vintergruppa), Maik Hårtveit, Kristine Tøsse, Jan Oddvar Lineikro, Hilde Stuestøl, Tove Utengen Meldt forfall: Eirin Åsland, Britt Enny Haugland, Kristine Forgard, Ikkje møtt:	Stad: Minne kultursenter	
Rutinar; 1. Referat sendast ÅIL v/styret, leggast ut på heimesida . 2. Sakliste sendes ut til styret ca ei veke før styremøtet. 3. Dersom ikkje gruppeleiar kan kome på styremøte, send gjerne ein annan representant frå gruppa.		
Neste møte;		
SAK:	Oppfølging, ansvar, fristar	
	Generell info;	
	ORDINÆRE STYRESAKER:	
1.1.	Gjennomgang av referat frå førre gong. Godkjent med følgjande merknader;	
1.2.	Økonomi Diskuterte rutinar for utbetaling av faktura/kontantutlegg. Kasserer utbetalar i utgangspunktet berre ei gong i veka, eksempelvis kvar torsdag.	Hilde/ Info alle
1.3.	Borneidretten – «Friskus aktivitet» <u>Kristine Tøsse orienterte:</u> Friskus-tiltak er eit opplegg Kristine Tøsse og Gro Aasheim kan setja i gong. Målet er å gje aktivitet og aktivitetsglede til dei yngste. For born i 1-5. klasse <u>Vedtak:</u> <i>Styret er positive til dette og ynskjer å prøve tilboden.</i> Kristine Tøsse tek ansvar for det formelle. Alle styremedlemmane, får i arbeidsoppgåve til neste styremøte, å kome med forslag til aktuelle som instruktørar.	K. Tøsse/ hallgruppa/alle <u>Vedtak</u>

1.4.	<p>Div anleggsaktiviteter; (dugnadsarbeider)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Klatre- og buldrevegg, Idrettsparken Framdrift; Tilnærma ferdig og montering av klatrertak er påbegynt. Ferdigstilling før skulestart. Dugnad. - Lagerbygg, Idrettsparken; Mindre arbeider står att.. Kledning rundt portopning, beising og montasje av skilt, - dette gjerast på dugnad, fotballgruppa. - Fotballbingen; Beising av treverk og legging av nytt kunstgras. Etterskrift; <i>Utført den 30.06. av fotballgruppa ved Maik, Stor takk for god jobb!</i> - Utomhusplan ungdomsskulefløy, Bordalen Anlegget består av ballflate m/ ballvegg, sandvolleyballbaner, utandørs fitnessanlegg og aktivitetspaviljong. Framdrift; Grunnarbeidet er påbegynt og dei fleste arbeida er tenkt gjennomført i løpet av denne sesongen, med endelig ferdigstilling våren 2016. Fleire arbeidsoppgåver skal gjerast på dugnad, ÅIL. JOL utarbeider eigne lister over arbeidsoppgåver. 	<p>Sommargruppa,</p> <p>Fotballgruppa</p> <p>Fotballgruppa</p> <p>Info</p> <p>Fleire u.grupper</p> <p>Tove U</p> <p>Tove U (Torstein E.)</p>
2.0.	<p>Billett badevaktordninga</p> <p><u>Vedtak:</u> <i>Styret vedtek å auke eigenbetalinga til Born 20,- Vaksne 20,-</i></p> <p>Diskusjon: Kan me gje tilbod om aktivitet/bading til hyttefolk og? Og korleis kan me nå desse?</p>	<p>Info; Hallgruppa</p> <p><u>Vedtak</u></p> <p>Alle</p>
3.0.	<p>Dugnad / vakthold Internasjonal Matfestival 11. juli</p> <p>Idrettslaget stillar med 5 personar – Aktuelle personar er funnet / «head-huntet»</p>	<p>Info</p>
4.0.	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vedkomande lån/bruk av tidtakarutstyret til Bortelid Triatlon – sommargruppa tek kontakt med Nils Aurebekk om dette. - Kan me jobba meir med marknadsføring av våre arrangement? I forkant av aktivitetar og resultat/referat frå aktivitetar. - Åsdølen/- ÅIL si Heimeside/- Facebook / -Lappar / info på skulen. 	<p>Info sommergruppa</p> <p>Alle blir meir bevisst.</p>

5.0	<p>Køring av periodisk rekneskap; Leder bad om fullmakt til å høyre kva regnskapskontoret skulle ha for å køyra rekneskapen, kvar andre månad. Vedtatt.</p> <p>Etterskrift: Då antall billag er relativ få, skulle vi få dette tilnærma gratis, (sponsa) Leiar JOL har dermed takka ja til tilbodet som vil gjere at vi får ei mykje betre økonomistyring opp mot budsjett.</p>	<u>Vedtak;</u> Info
6.0	<p>Påminning om sentrale fristar; (huskeliste)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mva refusjon for drift av laget. - Mva refusjon for innkjøp av materiell/utstyr. - Søknad lokal aktivitetsmidlar (Idrettsrådet) - Søknad Åseral kommune om midlar til lokale klubbar og lag. <p>Fakturere Å. kommune for løypekjøring og godtgjersle for Fredagsbadinga, sesongen 2014/15.</p>	Ansvarlig JOL
	<p>INFO FRÅ U.GRUPPENE TIL STYRE</p> <p>Aktivitet/arrangement, gruppemøter etc.:</p>	
7.0	<p>Info; frå fotballgruppa om aktiviteten generelt og fotballskulen generelt.</p> <p>Internt møte; JOL, møte i fotballgruppa om organisering og trenarsituasjon</p>	
	<p>REPRESENTASJONER/EKSTERNE MØTER:</p>	
8.0	<p>Orientering: Møte med Sparebanken Sør om sponsoravtalen</p> <p>Orientering: Generalforsamling Byremo kulturygg</p> <p>Orientering: Prosjektet «Bortelid – fjellparadiset nær deg»</p>	Info Info Info
9.0	<p>DIVERSE; Idrettslaget/idrettsrådet har mottatt følgjande korrespondanse som kan vere aktuelt å gje utale til;</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Revidering av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. (ingen dato, meir info kjem) Aktuelle innspeil kan vere; Nytt styrkerom, utviding av skiskyttarbane på Bortelid 2) Detalj reguleringsplan for Kvitefossmyra. Frist 1. sept. <p>Dersom nokon i styret har meininger/kunnskap til desse prosessane, er leiar JOL svært takksam for innspeil!!!</p>	Info alle